



Næringssjef Silvia Tofte:-Ver rause mot kvarandre!

Kva er oppskrifta som ein stad eller ei bygd skal satsa på for å få eit meir positivt omdøme og i neste omgang verta meir attraktiv for busetjing?

Næringssjef Silvia Tofte og prosjektkoordinator Emma Reigstad frå Kvinnherad Næringssevice ga ein stor del av svaret under eit møte som Uskedal utvikling heldt for altfor få i Gamleskulen ikveld.

Dei 2 hadde mellom anna omdømeprosjektet i Sunnhordland som basis. Der er det satsa på annonsering i media, eigen nettstad, brosjyrer, film, kampanje for synleggjering av regionen for busetjing og kampanje for å skaffa arbeidskraft og synleggjere jobbmogelegheiter.

-Det negative rammar oss alle og vi må nytte det positive, understreka næringssjefen som meinte at noko av det viktigaste ein gjer er å bli sett, synleggjort og anerkjent. Tofte tok fram Festidalen som eit døme på positiv omtale.

- Og så er vi nødt til å vera rause og setta pris på kvarandre. Ein får så mykje att for det, understreka næringssjefen som mellom anna tok fram dei gode historiane som eit effektivt døme. Det er også viktig å setta pris på eldsjelane og sola oss i stoltheit over eiga bygd.- Alle må bli sett. Det er vi ikkje flinke på, meinte Silvia Tofte. som hadde problem med å finna ein eigen kvinnhorsk identitet.

Under meningsutvekslinga etterpå sa ein innflyttar frå ei anna bygd i Kvinnherad at denne og Uskedalen var like, med flott natur og stor aktivitet.

Imidlertid peika Thor Inge Døssland på at vi har ein jobb å gjer for å knytta innvandrarane tettare til oss. Men også han var imponert av og stolt over Festidalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen